



Gasnor AS
v/ Christian Ameln
Solheimsgaten 11
5058 BERGEN

Dato: 01.09.2014
Vår ref.: 2014/10767-4
Saksbehandlar: nilgrud
Dykkar ref.:

Nye spørsmål i samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune om støy ved fylling av gass på Halhjem

Vi viser til godt møte med fylkesordfører 13. mai i år der det vart tatt opp transport av gass til Halhjem og tiltak for redusering av støy ved fylling av tankane på Halhjem. Samferdselsutvalet og fylkesutvalet vart orientert om møtet og svaret frå fylkesordføraren på spørsmålet frå representanten Aud Karin Oen i form av notat. Notatet med svaret frå fylkesordføraren finn ein på hordaland.no, fylkesutvalet, 19.06.2014, referatsak (RS) 79/14. I avsnittet «Redusering av støy ved fylling av tankanlegget på Halhjem» heiter det:

«Gasnor AS viste til at dei ved fylling av LNG på Halhjem ligg under grenseverdiane for støy. Men dei har no under utgreiing oppsetting av støyskjermer ved anlegget på Halhjem som vil kunne gje endå lågare støy mot naboane enn i dag. Dei vurderar og om det er mogleg å få endra noko på den høgfrekvente lyden frå pumpene ved å endre på turtalet ved lossing frå trailerane.»

På møte i samferdselsutvalet 20. august sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram slikt oversendingsforslag i samband med notatet nemnt ovanfor:

«Det vart synt til at folk som bur i nærleiken av ferjekaien på Halhjem framleis er plaga av støy frå gassfyllinga. Ber om at administrasjonen på nytt ser på denne saka.»

Samferdselsavdelinga vil svare på oversendingsforslaget frå Gustav Bahun i form av eit notet frå fylkesrådmannen. I høve til det svaret som vart lagt fram for samferdselsutvalet og fylkesutvalet om støy ved fylling av gass på Halhjem, er det noko nytt i høve til oppsetting av støyskjermer eller endring av turtalet for pumpene ved lossing frå trailarar? Er det elles noko anna vi bør ta med i eit svar om støytilhøva ved lossing av gass på Halhjem?

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Gasnor AS v/ Leiv Arne Marhaug, Postboks 63, 4299 Avaldsnes